

Saksbehandlar: Helga Bjørkhaug, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 17/3205-1

Val av styreleiar for Musea i Sogn og Fjordane

Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Som styreleiar for Musea i Sogn og Fjordane for to år vert valt:
2. Som varamedlem for to år vert valt:
3. Hovudutval for næring og kultur ber styret for stiftinga Musea i Sogn og Fjordane gjere endringar i vedtektene slik at dei to medlemmane fylkeskommunen skal velje, for framtida vert valde samstundes.

Vedlegg:

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Saksutgreiing

Ifølgje vedtektene for stiftinga Musea i Sogn og Fjordane skal fylkeskommunen peike ut to medlemmer til styret for stiftinga, deriblant styreleiaren med vara. Valretten er delegert til hovudutval for næring og kultur.

Valperioden er fire år. Dei to styremedlemane som fylkeskommunen vel, vert valde vekselvis annakvart år. Endringar i styresamansetjing skjer i samband med rådsmøte for Musea i Sogn og Fjordane som finn stad i månadsskifte april/mai (i år fastsett til 18.april).

Styret for stiftinga Musea i Sogn og Fjordane har i dag slik samansetjing:

Styremedlemmar:

1. Harry Mowatt, styreleiar
2. Laura Kvamme, nestleiar
3. Olve Grotle, styremedlem
4. Hanne Oftedal, styremedlem
5. Arild H. Eriksen, styremedlem
6. Ingrid Norum, styremedlem – tilsetterepr.
7. Steinar Evebø, styremedlem – tilsetterepr.

Varamedlemmar:

1. Hilde Kvamsås Aa (vara for Harry Mowatt)
2. Erland Fagermoen (vara for Laura Kvamme)

3. Hege Lothe (vara for Olve Grotle)
4. Anders Ryssdal (vara for Hanne Oftedal)
5. Vidar Grønnevik (vara for Arild H. Eriksen)
6. Ole Fredskil (vara – tilsetterepr.)
7. Bjørn Fjellheim (vara – tilsetterepr.)

På val

Styreleiar Harry Mowatt og vara Hilde Kvamsås Aa er på val no. Mowatt vart valt for fire år i 2013. Han hadde då vore leiar i to år, då han kom inn midt i perioden i samband med at tidlegare styreleiar Arne Kyrkjebø gjekk bort. I hovudutval for kultur sak 28/15 vart Laura Kvamme valt som styremedlem med Erland Fagermoen som vara, begge valde for fire nye år.

Valperioden for medlemmer i styret er fire år, og eit medlem kan attveljast ein gong (tilsaman 8 år). Sitjande styreleiar no har seks år bak seg i styret, og kan såleis attveljast for to år.

Endringar i vedtektene

Vedtektene for stiftinga Musea i Sogn og Fjordane legg opp til at dei to styremedlemmane fylkeskommunen skal peike ut, vert valde vekslevis annakvart år. Det var tenkt slik for å unngå samtidig utskifting. Etter nokre års erfaring meiner fylkesdirektøren at det kan vere tid for å vurdere dette på nytt, og foreslår difor at styret for stiftinga, som er dei som kan endre vedtektene, vert bedt om vedtektsendringar slik at fylkeskommunen oppnemner begge medlemmane til styret samstundes. Det er ønskjeleg at dette vert endra før neste oppnemningsrunde i 2019, og vil vere overordna kven som ev vert valt som styreleiar no.

2. Konklusjon

Hovudutval for næring og kultur skal oppnemne styreleiar med vara til styret for stiftinga Musea i Sogn og Fjordane. Utvalet bør også gi innspel på vedtektsendring.